

# LÆRARRETTEIING



Foto: Shutterstock

Føremålet med læringsressursen *Hatefulle ytringar mot folkevalde – eit trugsmål mot lokaldemokratiet?* er at elevane skal lære meir om korleis hatefulle ytringar kan vere eit trugsmål mot lokaldemokratiet. Læringsressursen er retta mot elevar i 10. klasse og på vidaregåande skule. Gjennom opplegget får elevane høve til å lære kva ytringsfridom har å seie for demokratiet, reflektere over grensa mellom ytringsfridom og hatefulle ytringar, diskutere kvifor somme grupper opplever meir hets og trugsmål enn andre, og i tillegg reflektere over korleis dei kan medverke til at folkevalde ikkje får hatefulle ytringar.

Opplegget varer i om lag 90 minutt, og elevane bør delast inn i grupper på fire–fem personar der dei kan diskutere og reflektere over ulike problemstillingar. Læraren bør styre opplegget frå tavla då bruk av PC kan verke forstyrrende. Elles er det viktig at elevane får høve til å diskutere fritt før faktaboksane blir presenterte. Diskusjonen må difor skje før faktabokanse blir opna – noko som kan gjerast i plenum. Deretter kan elevane diskutere dei påfølgjande spørsmåla, baserte på informasjonen i faktaboksane, i grupper.

**NB!** Læringsressursen inneheld døme frå rettssystemet på hatefulle ytringar. Vi oppmodar lærarar til å lese gjennom desse og sjå introduksjonsvideoen før timen for å vurdere om dette eignar seg for klassa.

### **Korleis er hatefulle ytringar eit trugsmål mot demokratiet?**

«Dette (hatefulle ytringer) har negative effekter for både den enkelte politiker og politikere som gruppe. Potensielt kan dette også få negative effekter for hele samfunnet da unge er mer utsatt for og blir mer påvirket av hat og trusler, noe som kan påvirke framtidig rekruttering til lokaldemokratiet» (Ipsos, 2019a).

## **UNDERVEGS I OPPLEGGET**

Nedanfor finst ei rekkje tips læraren kan ta i bruk dersom det er vanskeleg for elevane å diskutere problemstillingane. Forventa læringsutbytte knytt til dei ulike problemstillingane er òg lista opp nedanfor.

### **Problemstilling 1: Korleis kan hatefulle ytringar vere ei utfordring for lokaldemokratiet?**

- Kompetansemål 10. steg (samfunnsfag): *Skildre trekk ved det politiske systemet og velferdssamfunnet i Noreg i dag og reflektere over sentrale utfordringar*
- Læringsutbytte: Vise elevane at det er ein samanheng mellom hatefulle ytringar og deltaking i lokaldemokratiet.
- Bakgrunnsinformasjon: Hatefulle ytringar kan føre til at somme vel å ikkje ta del i samfunnsdebatten i frykt for å få trugsmål. Det inneber at ytringsfridom ikkje er sikra i praksis og er eit trugsmål mot demokratiet. Det kan òg svekkje motivasjonen til dei folkevalde (Telemarksforskning, 2022).

### **Tips til refleksjon**

*Kvifor kan hatefulle ytringar vere spesielt vanskeleg for lokalpolitikarar?*

- I lokaldemokratiet kan opplevinga av hatefulle ytringar og trugsmål bli forsterka då mange i lokalmiljøet veit kven du er, kvar du bur og kven familien din er. Du bur gjerne òg på staden der du er folkevald.
- I tillegg er dei fleste lokale folkevalde fritidspolitkarar som har ein vanleg jobb ved sida av det å vere politkar.
- Lokalpolitikarar har ikkje noko særskilt vern og tryggleikssoppbod slik nasjonale politikarar har.

## Tips til refleksjon

*Moglege langsiktige følgjer av hatefulle ytringar*

Sit vi til slutt att med ei einsarta gruppe (tenk kjønn, etnisitet, alder osv.) som ikkje er eit representativt utval av innbyggjarane dei er sette til å representere?

Kva skjer dersom ingen unge blir verande i politikken?

Korleis påverkar det samfunnsdebatten og demokratiet når folk ikkje lenger torer å ytre seg?

### **Problemstilling 2: Kvar går grensa mellom ytringsfridom og hatefulle ytringar?**

- Kompetansemål vg1 (samfunnskunnskap): *Vurdere årsaker til og tiltak som kan førebyggje rasisme, diskriminering og hatefulle ytringar, og drøfte grensene for ytringsfridomen.*
- Læringsutbytte: Vise kor vanskeleg det kan vere å skilje mellom kva som er verna av ytringsfridomen og kva som er hatefulle ytringar, og korleis hat og trugsmål som ikkje er «ulovlege», kan øydeleggje samfunnsdebatten, fri meiningsutveksling og råke dei som blir utsette for det.

### **Tips til tolking av ytringar**

- Her kan det vere føremålstenleg å ha definisjonen av hatefulle ytringar, slik han er definert i straffelova, på tavla, slik at elevane aktivt kan bruke han i diskusjonen.
- Det er viktig at læraren lyttar til diskusjonane i dei ulike gruppene. Det er for å unngå at dei hatefulle ytringane blir diskuterte på ein usakleg måte og at læraren er merksam dersom nokon skulle sympatisere med – eller bagatellisere – haldningane/ytringane som blir presenterte.

### **Problemstilling 3: Trur du den utbreidde bruken av sosiale medium har ført til fleire hatefulle ytringar mot folkevalde? Dersom ja, korleis?**

- Kompetansemål 10. steg (samfunnsfag): *Utforske ulike plattformer for digital samhandling og reflektere over korleis digital deltaking og samhandling påverkar forma på og innhaldet i samfunnsdebatten.*
- Læringsutbytte: Reflektere over korleis internett og sosiale medium har senka terskelen for å ytre seg – på godt og vondt.

- Bakgrunnsinformasjon: Ipsos (2020) fann at auka bruk av internett, digitale plattformer og sosiale medium påverkar ytringsklimaet i kommune-Noreg.

#### **Problemstilling 4: Kvifor opplever nokre grupper med folkevalde meir hat og trugsmål?**

- Kompetansemål 10. steg (samfunnsfag): *Drøfte korleis framstillingar av fortida, hendingar og grupper har påverka og påverkar haldningar og handlingar folk har.*
- Læringsutbytte: Finne ut kva grupper som er mest utsette for hets, og reflektere over kvifor – gjerne ved å knyte det til fortida, til dømes underliggjande maktstrukturar.

#### **Tips til refleksjon**

*Kvifor får hatefulle ytringar større følgjer for kvinner?*

- Ofte andre typar trugsmål, mange som skal ta deg, kvinner blir reddare, kvinner er meir tilbøyelege til å trekkje seg attende.
- Hatefulle ytringar handlar oftast om sak, ikkje om kjønn eller etnisitet. Sakene som skaper mykje uro, er byggjesaker, nedlegging av offentlege institusjonar som skular og sjukehus, og kommune- og fylkessamanslåing (Telemarksforskning, 2022).

#### **Problemstilling 5: Korleis kan du medverke til at folkevalde ikkje opplever hatefulle ytringar?**

- Læringsutbytte: Gjere elevane medvitne om at dei kan utgjere ein skilnad.
- Bakgrunnsinformasjon: «Avsenderne av hatefulle ytringer er ofte godt voksne og dem som ikke er vokst opp med internett» (Ipsos, 2019b).

Valfritt som eige opplegg eller ved ekstra tid:

#### **Problemstilling 6: Korleis meiner du at usemje best kan kommuniserast?**

- Kompetansemål for demokrati i praksis: *Ta del i meiningsbrytingar og handtere usemje*

Det er ein stor auke i talet på land der ytringsfridomen er truga.

Det siste tiåret har det vore ei forverring av sivile rettar, større trugsmål mot ytringsfridomen og mindre velfungerande styresmakter (Status kommune, 2021).

Ønskjer de å lære meir om ytringsfridom? Sjekk ut læringsressursane på [elevkanalen](#).

## KJELDER

Ipsos. (2019a). Hat og trugsmål mot folkevalde. Henta frå

<https://www.ks.no/globalassets/fagomrader/forskning-og-utvikling/nyhetssaker/Hat-og-trusler-mot-folkevalgte.pdf>

Ipsos. (2019b). Førebygging og handtering av hat og trugsmål mot folkevalde. Henta frå

<https://www.ks.no/globalassets/fagomrader/forskning-og-utvikling/fou-rapporter/Rad-Hat-og-trusler.pdf>

Ipsos. (2020). Hatefulle ytringar og trugsmål mot lokale folkevalde. Rettslege rammer, rettspraksis og kommunesektorens praksis. FoU-prosjekt nr. 204030. Henta frå

<https://www.ks.no/contentassets/87ce0e5d6454422dadfdd51b860f8a3c/Hatefulle-ytringer-og-trusler-mot-lokale-folkevalgte.pdf>

KS' temaside om hets og trugsmål: <https://www.ks.no/fagomrader/demokrati-og-styring/hets-og-trusler/>

Telemarksforskning (2022) Lokaldemokrati og arbeidsvilkår for lokalpolitikarar. Henta frå

[https://www.regjeringen.no/contentassets/a1de937bf67a44dda49f1f95ab9a0c92/sluttrapport\\_lokaldemokrati\\_tf.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/a1de937bf67a44dda49f1f95ab9a0c92/sluttrapport_lokaldemokrati_tf.pdf)

Politiet. (2015). HATKRIM. Rettslege og praktiske spørsmål. Henta frå

<https://www.politiet.no/globalassets/dokumenter/oslo/rapporter/anmeldt-hatkriminalitet-oslo/hatkrim---rettslige-og-praktiske-sporsmal-november-2015.pdf>

Høgsterett (2020). Henta frå

<https://www.domstol.no/globalassets/upload/hret/avgjorelser/2020/januar-2020/hr-2020-184-a.pdf>

Høgsterett (2020). Henta frå

<https://www.domstol.no/globalassets/upload/hret/avgjorelser/2020/januar-2020/hr-2020-185-a.pdf>